



Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1661 - 15/9937

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
01.09.2015

Detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad - utviding av planområdet

Viser til detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad. Felles landbrukskontor ynskjer gje uttale til detaljreguleringa for planområdet omfatta av oljerørledningen på generellt grunnlag.

Sjølv om landbruket i Austrheim er ei lita næring i forhold til storindustrien på Mongstad er landbruket ei viktig næring i Austrheim og landbruket har mange positive bieffektar både på sysselsetting i andre næringar og ikkje minst for kulturlandskapet. For å oppretthalde kommunen sin visjon om eit ope landskap er det viktig å behalde beitedyra og fortsatt utnytte utmarka til beite. Dette er også viktig som eit brannførebyggande tiltak.

Kystlynghei er no ein utvalt kulturtype. Austrheim kommune har mykje kystlynghei, men mykje er diverre i ein attgroingsfase grunna lite beiting og skjøtsel og spreiding av sitkagran. Lyngheia på Krossøy er kanskje den best bevarte og har A-verdi i Naturbase, øvrige lokalitetar har B-verdi, dette gjeld kystlynghei på Sævrøy, Baløy, Børilden og Njøten. Austrheim har kystlynghei mange andre plassar og denne er også viktig å ta vare på. Einaste måten å oppretthalde kystlyngheia på er ved bruk, altså beiting med villsau og jamnleg sviing.

Tal bønder som søker om produksjonstilskot har holdt seg jamt siste åra men utviklinga går mot færre, men større einingar. Andelen leigejord er stor og få bønder driv mange gardsbruk. Tal mjølkekyr har gått ned medan tal ammekyr har gått opp. Det er få bønder med mjølkeproduksjon i Austrheim. Tal storfe i alt har gått ned lenge, men har dei siste åra gått oppover igjen. Og fleire bønder satsar no på ammekyr og oppal av storfe. Tal sauer har halde seg jamt siste åra, men det er ei vridning til auke i tal villsau/utegangarsau og nedgang i tradisjonelt sauehald. Ergo er beiteressursane i Austrheim viktige å ivaretake, også i ein anleggsfase knytta til Johan Sverdrup-leidningen.

- Om bønder med aktiv beitedrift vert råka i anleggsfasen, slik at beiteområde ikkje er tilgjengelege/eller beiteområda vert for små, må tiltakshavar sjå til at bøndene får tilgjenge til eigna beiteområde for dyra sine i anleggsfasen utan ekstra kostnader for eigarane av berørte

landbruksareal. Beiteareala lyt være tilstrekkeleg inngjerda. Medfører transport av dyra til eigna beiteareal ekstra kostnader for bøndene lyt tiltakshavar dekke meirutgiftene påført grunna anleggsfasen.

- I dei tilfelle der gjerde vert fjerna grunna anleggsfasen med framføring av oljerørledningen lyt tiltakshavar erstatte gjerdet med eit fullgodt gjerde i etterkant av anleggsfasen.
- I dei tilfelle der gjerde vert fjera grunna anleggsfasen med framføring av oljerørledningen lyt tiltakshavar sette opp ei fullgod løysing med mellombels gjerde som erstattar gjerdet også i anleggsfasen

Det er store vassmengder som drenerar gjennom myrane mot Krabbedammen og mot Åsetjørna og Førlandsvatnet. Felles landbrukskontor finn det viktig å gjere tiltakshavar merksam på dette, slik at det vert teke tilbørleg omsyn til dette når anleggsfasen med oljerørledningen vert gjennomført.

- Dersom det viser seg i etterkant av framføringa av oljerørledningen at vatnet tek nye vegar som medfører behov for ny grøfting og drenering av landbruksareal må tiltakshavar sjå til at grøfting og drenering vert gjennomført utan ekstra kostnader for eigarane av landbruksareala.

I utgangspunktet er ein anleggsveg ei mellombels løysing. Det er søknadpliktig å føre fram veg i LNF-område.

- I dei høve der grunneigar finn anleggsvegen turvande for ettertida til bruk for landbruk og/eller friluftsliv kan anleggsvegen bli liggande for ettertida, såframt vegen vert godkjent av vegmynde i kommunen.

Dyrka mark, som fulldyrka og overflatedyrka areal.

- I dei høve der framføringa av oljerørledningen i anleggsfasen bandlegg dyrka mark slik at ein bonde ikkje kjem til for å hauste arealet, skal tiltakshavar dekke meirutgiftene bonden får for å kjøpe grovfor til besetningen sin i innforingsperioden.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.